

Nokre vanlege spørsmål:

- **Eg har platetopp og steikeomn på ulike stader.** Komfyrvakta gjeld først og fremst for platetoppen. Det er også brannar her som har potensiale til å utvikle seg til større brannar. Steikeomnsbrannar er som regel ikkje like alvorlege, sjølv om ein forkola pizza frå steikeomnen kan gje giftig røyk.
- **Komfyrvakta slår seg av i tide og utide.** Sjekk om du har ei nyare komfyrvakt eller ikkje. Dei nyaste komfyrvaktene er betre og meir driftssikre, og skal hindre at dette skjer. Det er også viktig at du set deg inn i og følgjer brukstilvisinga for komfyrvakta di.
- **Treng eg komfyrvakt når eg har induksjonstopp?** Kravet om ein komfyrvakt gjeld uansett plate-topp og gjeld for keramisk topp, induksjons- eller støypejernstopp. Ein induksjonstopp vil halde fram med å varme opp ein kjele så lenge han står på plata. På den måten kan det også ta fyr på slike komfyrar.
- **Eg har gasskomfyr, er det framleis krav om komfyrvakt?** Nei, men gasskomfyrer i dag har krav om flammevakt. Dessuten er det elektriske komfyrtopper som utgjør størst brannrisiko.



ALT VI KAN
MOT BRANN



Alt vi kan mot brann er ei nasjonal satsing på brannførebyggjande arbeid, ei oppfølging av Nasjonal kommunikasjonsstrategi for branntryggleik 2013-2020. Bak satsinga står ei nasjonal koordineringsgruppe som er sett saman av styresmakter, forsikring og sentrale aktørar frå brann- og eltryggleiksarbeidet i Noreg.



SAKKYNDIGE SELSKAP

• DET LOKALE ELTILSYN


• BRANNINFORMASJONSFORUM

Komfyrvakt reddar liv.

Få meir informasjon på sikkerhverdag.no

Komfyrvakt reddar liv!

Over halvparten av brannar i norske heimar kjem av tørrkok eller komfyrbrannar. Det kan skje alle: Ungdom som lagar nattmat, småbarnsforeldre som blir forstyrre i matlaginga og eldre som gløymer at dei har noko på omnen.



Kva er ei komfyrvakt?

1. Korleis verkar ho?

Komfyrvakta varslar med lyd og kuttar straumen automatisk om du gløymer å slå av plata eller det blir for varmt.

Komfyrvakter består av to delar: ein sensor som er plassert over steikeplata og ein straumavbrytar, som enten er plassert bak komfyren eller i sikringsskapet. Sensoren overvakar kokeplatene. Om sensoren oppdagar fare for brann, utløyser han ein alarm. Om ingen reagerer på denne, gjev sensoren melding til ein brytar om å kutte straumen til komfyren. Komfyrvakter kan installerast på alle elektriske komfyrar.

2. Ettermontering versus fast montering?

Det finst to typar komfyrvakt:

1. Komfyrvakt som koplast til via leidning i stikkontakt (ettermontering eller rehab, som det også kallast). Denne enklaste typen av komfyrvakt kan monterast av kven som helst. Sjå illustrasjon over.
2. Komfyrvakt som skal koplast til det faste elektriske anlegget, som krev kopling i sikringsskap. Denne skal monterast av elektroinstallatør. Ved oppussing av kjøken og ny kurs er det krav om denne type komfyrvakt.

www.sikkerhverdag.no

Kva kostar ei komfyrvakt?

Prisen på ei komfyrvakt er frå cirka 3500 kroner og oppover, avhengig av kor mykje ho «kan». Den enklaste varianten er den billegaste. «Rolls Royce-varianten» kan koste det tredobbelte.

Begge variantane er godkjende, men styresmaktene rår uansett type til at ein kjøper komfyrvakter som er FG-godkjende, dvs. godkjende av FG Skadeteknikk, og som har vore gjennom standardiserte testar. Her finn du FG-godkjende komfyrvakter:

<https://www.fgsikring.no/brann/komfyrvakt/fg/>

Rabatt på forsikring: Somme forsikrings-selskap gjev deg tryggingrabatt på forsikringspremien om du har installert ei FG-godkjend komfyrvakt. Sjekk med forsikringsselskapet ditt om dette gjeld for deg.

Kvar kan ein skaffe seg ei komfyrvakt?

Komfyrvakter kan du kjøpe i alle elektronikkbutikkar, ei rekkje kjøken-butikkar og nettbutikkar, til dømes på nettsidene til komfyrvaktleverandørane og forsikringsselskapa. Om du mottok helsetenester frå kommunen kan du undersøkje om du også kan låne ei komfyrvakt frå dei.

Kva seier reglane?

Her set styresmaktene krav om komfyrvakt:

- i alle nye bustader
- når du skiftar det elektriske anlegget i bustaden
- når du pussar opp kjøkenet og skal ha ny kurs.

Same reglar gjeld for fritidsbustader. Krav til komfyrvakt gjeld bustad og hybelhus/leilegheiter, dvs. der folk overnattar og har permanent opphald. Krav gjeld ikkje for tekjøken og kjøken på arbeidsplassar/kontorbygg.